



Vågå
kommune
Felles tenester

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Melding om vedtak

Vår ref.
2008/254/5/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Sonja Tangen
61293660

Dato
06.05.2008

**Særutskrift: Høring - Forslag til endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven -
Bestemmelser om bo- og driveplikt mm**

Vedlagt følger særutskrift av sak 28/08 i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning,
den 06.05.08.

Med helsing

Sonja Tangen
Sekretær



Vågå kommune

Arkivsak: 2008/254 -2

Arkiv:

Saksbehandlar:

Per-Ivar Weydahl

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
22/08	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	09.04.2008
28/08	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	06.05.2008

Høring - Forslag til endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven - Bestemmelser om bo- og driveplikt mm

Vedlegg:

Andre saksdokument

Høringsnotat endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven - Bestemmelser om bo- og driveplikt mv. (Er delt ut tidlegare. Dei som ikkje har dokumentet kan få det ved å vende seg til servicetorget)

Saksutgreiing

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring eit notat som tek for seg endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Notatet er på 81 sider. Høyringsfristen er 5. mai.

Frå samandraget:

”Forslagene tar sikte på å oppnå større forutberegnelighet, bedre målretting og forenklinger. De fleste forslagene gjelder bestemmelsene om bo- og driveplikt, men det foreslås også endringer i konsesjonspliktens og odelsrettens omfang og i reglene om forhold som er av betydning for om konsesjon skal gis.

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovedsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven.
- At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller

odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".

- *At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene.*
- *At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon.*
- *At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen.*
- *At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig.*
- *At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.*

Departementet ber også om synspunkter på:

- *om det bør innføres boplikt i kommunen ved erverv av utmarkseiendom.*

Ut over dette inneholder notatet noen forslag til endringer i forskriftsverket, bl.a. innføring av krav til kommunens saksforberedelse ved prisvurdering etter konsesjonsloven, og en tilpassing av konsesjonslovens forskrifter til ny Finnmarkslov. ”

1.2. Behovet for endringer

Reglene om omfanget av odelsrett, om konsesjonsplikt og om bo- og driveplikt er, og har vært, en sentral del av landbrukslovgivningen i mange år og er utvilsomt av betydning for gjennomføringen av landbrukspolitikken. Reglene har betydning bl.a. for eierstrukturen i landbruket, men har også betydning ut over landbruket, bl.a. for kommunenes muligheter til å hindre at helårsboliger blir brukt til fritidsformål. Dette er en viktig distriktspolitisk dimensjon ved lovverket.”

De mål denne lovgivningen forfølger er viktige i et langsiktig perspektiv. På landbruksområdet gjelder dette bl.a. målet om å sikre produktive arealer for framtidig matproduksjon og målet om å legge til rette for rasjonell, bærekraftig drift som kan gi grunnlag for verdiskaping. Reglene tjener også mål som å ivareta og øke bosettingen i distriktene, og målet om å sikre kulturlandskapet. Videre er reglene viktige for å sikre gode løsninger ved arv og kifte av landbrukseiendom. Bestemmelsene i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven legger rammer for hva den enkelte kan gjøre med eiendommen sin. Etter Landbruks- og matdepartementets syn er det i dag flere forhold knyttet til bestemmelsene om bo- og driveplikt, som bør endres. Disse bestemmelsene bør etter Landbruks- og matdepartementets syn gjøres mer målrettet, og regelverket bør forenkles.

Vurdering

2.3 Behovet for endringer

”Landbruks- og matdepartementet mener at det er behov for:

- *større forutberegnelighet for private mht om det er boplikt på eiendommen eller ikke,*
- *en mer effektiv og målrettet innretning av boplikten, og*
- *betydelige forenklinger som også omfatter harmonisering mellom odelsloven og konsesjonsloven”*

Departementet foreslår å flytte bestemmningene om buplikt etter odelsloven til konsesjonsloven. Forslaget går ut på at dei som ikkje vil oppfylle buplikta etter odelsloven må søkje konsesjon. Dagens praksis med fritakssøknader etter odelslova har synt at dei som først søker fritak frå

buplikta sjeldan busett seg på eigedommen dei har tatt over. Dei som busett seg innan eit år og oppfyller buplikta blir ofte buande lenger enn dei pliktige 5 åra.

Ved å leggje opp til at dei som ikkje tilflytter eigedommen må søkje konsesjon, vil reglane om fritak frå buplikta i realiteten vere uavhengig av slektskap. Dette vil sannsynlegvis forenkle handsaminga, og det vil kunne gje ein heilt anna tilnærming til bupliktsproblematikken enn dagens praksis. Ein vil sleppe mange rundar med utsett oppfylling av buplikta. Det vil bli ei forenkling for dei kommunane som ønskjer å ha ein aktiv målretta politikk på dette området.

Virkemiddelet med å påleggje dei som misligheld buplikta å søkje konsesjon ligg i odelsloven i dag, men er tidkrevjande og vanskeleg å handheve. I tillegg tek desse sakene mange år frå dei startar med fritakssøknadar etter odelslova, og ender som avslag på konsesjon/ misleghald av konsesjonsvilkåra slik at søkjar blir pålagt å selje eigedommen.

Administrasjonssjefen støtter endringsforslaget frå departementet om "lovbestemt boplikt som betingelse for å sleppe å søke konsesjon." Det vil vere viktig at departementet i klagesaker legg vekt på lokal busettingspolitikk i samband med fastsetting av vilkår.

Arealgrense etter odelsloven og konsesjonsloven

Vedr. arealgrense er det viktig at det kjem ei grense som er eksakt og som i liten grad kan angripast i rettsystemet. I dagens avgrensing har det og loggi skjønnsmessige vurderingar. Skogen, retter har saman med dyrkajorda samla sett loggi til grunn for om ein eigedom vert odlesiegedom eller ikkje. Etter odelslova er det foreslått 25 daa dyrka mark (fulldyrka + overflatedyrka) eller 350 daa produktiv skog. Dette vil nok liggje omtrent på nivå med det som er avgjort i høgsterett etter dagens lovverk. **Administrasjonssjefen meiner det er viktig at lovverket gjev forutseielege rammer både for søkjarar, rettleiarar og dei som fattar vedtak. Det er og viktig med harmonisering av arealgrensene i odelsloven og konsesjonsloven.** Administrasjonssjefen støtter dei arealgrensene som er foreslått.

Foreslått konsesjonsgrense på 100 daa totalareal eller 25 daa dyrkamark, fulldyrka + overflatedyrka (tidlegare berre fulldyrka areal) vil i praksis bli ei lita høgding, sjølv om ein kompenserer for at overflatedyrka areal vert rekna med. Det vil vere riktig å ikkje ta med innmarksbeite i arealgrensa. Avlingsnivået på innmarksbeite er svært varierende, og arealtypen kan endre karakter i løpet av få år.

Administrasjonssjefen meiner den grensa som er foreslått vil liggje tett opp til dagens grense, og i realiteten er ei høgding som tilpassar seg til summen av fulldyrka og overflatedyrka areal.

Departementet foreslår at buplikta kan oppfyllast berre dersom eigaren er registrert i folkeregisteret busett på eigedommen. Dette vil forenkle oppfølginga av bupliktssaker. Administrasjonssjefen støtter denne endringa. Vi vil likevel minne om at det er relativt enkelt for pensjonistar å få godkjent flytting utan eigentleg å flytte. Folkeregisteret krev ikkje spesielt mykje dokumentasjon for å godkjenne flytting. Det er ikkje uvanleg at pensjonistar overtek eigedommar. Denne gruppa kan enkelt oppfylle buplikta ved å melde flytting og nytte gardsbruket i ferie- og fritidsamanheng slik som tidlegare, utan fysisk å tilflytte eigedommen. Dette medfører at eigedomane ikkje blir set i stand slik heilårsbuande ville ha gjort. Gruppa pensjonistar blir eldre og fleire. Det vil vere eit smetthol som ikkje er i tråd med intensjonen i

lovverket. **Administrasjonssjefen meiner landbruks- og matdepartementet må gå inn i ein dialog med folkeregisteret for å sjå nærare på denne problematikken.**

Buplikt på utmarkseigedommar det ikkje er bygt på?

Departementet drøfter denne problemstillinga. I dag er det buplikt på større skogeigedommar utan husvere. Det er ikkje buplikt på større utmarkseigedommar utan produktivt jordbruks- eller skogbruksareal. Departementet sitt forslag betyr at det oppstår konsesjonsplikt men ikkje lovebestemt buplikt ved erverv av ubygdde skogeigedommar.

Det er tale om eit fåtal større ubygdde skogeigedommar, 43 stk. over 5000 daa med produktivt skogareal. Departementet vil ha attendemelding på om det bør vere buplikt på skogeigedommar det ikkje er bygt på, evt. om buplikta kan oppfyllast i kommunen, ikkje på sjølve eigdommen, og dersom evt. buplikt, kva for nedre arealgrense.

Skogeigedommar kan greitt drivast utan at eigaren bur på eigdommen eller i kommunen. Desse eigedommane, uavhengig av om dei er på t.d. 500 eller 5000 daa, kan i einskilde tilfelle vere attraktive buplassar. Ved å krevje buplikt på desse eigedommane, vil dei som ikkje vil busette seg på eigedommane måtte søkje konsesjon (dersom departementet forslag går gjennom). I samband med konsesjonsbehandlinga vil ulike forhold kunne vurderast. Det vil vere tale om få eigedommar i vår kommune.

Administrasjonssjefen vil foreslå at det blir muleg å innføre ei lokal forskrift om at det i utgangspunktet er buplikt også på denne type eigedommar.

Utmarkseigedommar utan produktiv skog.

Departementet ber om attendemelding på om det bør innførast buplikt på utmarkseigedommar det ikkje er bygt på, utan produktivt skogareal og evt. arealgrense t.d. 10 000 daa.

Det er få eller ingen slike eigedommar i vår kommune. Lokalt eigarskap og busettingsomsyn kan knytast opp mot denne problematikken. **Som for ubebygde skogeigedommar vil administrasjonssjefen foreslå at det kan søkjast departementet om å innføre ei lokal forskrift i kvar einskild kommune også for denne type eigedommar. Både for skog- og utmarkseigedommar det ikkje er bygd, vil desse kunne spele ei rolle i ein lokal busettingspolitikk.**

”4.3.1. Konsesjonsvurderingen når konsesjonsplikt oppstår fordi ny eier ikke skal oppfylle lovebestemt boplikt på landbrukseiendom.”

Departementet foreslår at i vurderinga om buplikt i samband med konsesjonssaker at tilknyttingen til eigdommen ikkje er særleg relevant og at det skal ut av lovteksten.

”Departementet mener imidlertid at det ikke er behov for å legge vekt på tilknyttingen til eiendommen på samme måte som reglene forutsetter i dag. Tilknyttingen må regelmessig anses som svak når eieren ikke ønsker å bruke eiendommen som bolig.”

Administrasjonssjefen kan ikkje sjå logikken i departementet sin konklusjon. Det kan vere mange orsakar til at ein person ikkje ønskjer å ta eigdommen som sin reelle bustad. Det blir

litt dårleg argumentasjon når departementet skriv at ein som ikkje vil tilflytte eigedommen, ikkje har nær tilknytning til eigedommen.

Administrasjonssjefen støtter likevel departementet i at tilknytning ikkje bør vurderast spesielt sterkt i samband med konsesjonsbehandlninga p.g.a. at søker ikkje ønskjer å busette seg på eigedommen. Tilknytning til ein eigedom blir ofte eit skjønsspørsmål.

”Departementet kan heller ikke se at det er ønskelig å legge ”særlig” vekt på livssituasjonen ved avveiningen. Søkers livssituasjon er likevel relevant ved avgjørelsen av en konsesjonssak. Løsningen som her foreslås innebærer følgelig at det fortsatt kan tas hensyn til tilknytningen og livssituasjonen ved den avsluttende vurderingen av om konsesjon skal gis og hvordan eventuelle vilkår skal utformes.”

Administrasjonssjefen meiner at omsyn til livssituasjon og tilknytning berre kan takast omsyn til i samband med evt. vilkår i konsesjonssak, ikkje om konsesjon skal gjevast. Vilkåret kan t.d. vere utsett frist for å tilflytte eigedommen. Dersom ein legg særleg vekt på tilknytning og livssituasjon kjem ein for bort i juridiske gråsoner.

Forslag til justert §9 i konsesjonsloven:

§ 9. (særlige forhold for landbrukseiendommer)

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttes til landbruksformål skal det til fordel for søker legges særlig vekt på

1.

Om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,

2.

om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,

3.

om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning, og

4.

om erververen anses skikket til å drive eiendommen.

Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.

Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.

Første ledd nr. 1, 3 og 4 gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 annet ledd. I slike tilfeller skal det legges særlig vekt på hensynet til en helhetlig ressursforvaltning, bosetting og kulturlandskap

Det skal til gunst for søker blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold.

I ny lovetekst vil berre pkt. 2 bli vektlagt i saker som er erverva etter odelslova, men der søker ikkje oppfyller boplikta. Omsynet til busettinga i området skal det leggjast særleg vekt på. Vågå arbeidar systematisk med denne problemstillinga, og busettingsomsynet bør kunne vektleggjast svært sterkt i desse sakene.

Administrasjonssjefen meiner at det ikkje er naudsynt å vektleggje eigedommen sin storleik, avkastningsevne og husforhold i.o.m. at det er fastsatt ei grense for storleiken på odelseigedommar. Busettingsomsynet bør vere det einaste momentet som skal vektleggjast. Avkastningsevna er mindre viktig ved erverv av små landbrukseigedommar. Hustilhøva er og mindre viktig å vurdere. Dersom husa er dårlege vil prisen spegle dette; gode hus; høg pris,

dårlige hus; låg pris. Vurdering av hustilhøva bør difor vere av mindre betydning i samband med konsesjonsbehandlninga. Momenta ”eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold” vil vere skjønnsavhengige og vil kunne gje grunnlag for juridiske gråsoner.

Departementet ønskjer og at det skal vere ei plikt for kommunen til å ta stilling til om det skal setjast konsesjonsvilkår om buplikt på eigedommar som ikkje er landbrukseigedommar, men som er konsesjonspliktige. Det kan vere aktuelt å ta omsyn til ein generell ivaretaking av ressursane, busettingsomsynet eller omsynet til kulturlandskapet

§ 11. (vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Kongen skal ut fra hensynet til en helhetlig ressursforvaltning, bosetting og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.

Administrasjonssjefen støttar departementets forslag i samband med §11. Mindre konsesjonseigedommar er i vårt distrikt attraktive buplassar.

Driveplikt på landbrukseigedom

Departementet foreslår at driveplikta utvidast til å gjelde heile eigarperioden. I dag er den 5 år. Jordlova sin §8, vanhevdsparagrafen setter forbod mot vanhevd av dyrka jord. I praksis er det krav om driveplikt, og administrasjonssjefen meiner at det er bra at dette kjem direkte inn under odelslova

Ved odelsløyising foreslår departementet at løysingsretten ved mislighald setjast til 5 år. I dag gjeld løysingsretten ved mislighald i heile eigarperioden. Departementet foreslår og å redusere plikttida frå 10 til 5 år ved odelsløyising. D.v.s. at eigaren kan avhende eigedomen til nokon utan odelsrett etter 5 år. I vårt distrikt kjem vi sjeldan opp i mislighaldsaker av driveplikta. Desse problemstillingane med odelsløyising og plikttid omfattar svært få saker. **Administrasjonssjefen støttar forslag om reduksjon av både løysingsretten og plikttida til 5 år. Ein varig løyningsrett ved misleghald av driveplikta er etter administrasjonssjefen sin vurdering urimeleg. Fem år før odelsløyisar kan selje eigedommen til nokon utan odelsrett synes og rimeleg, men ein bør vurdere dette opp mot mulegheiten for spekulasjon om verdistingning og vidaresal.**

Driveplikta kan i dag oppfyllast ved bortleige i 10 år. Det skal vere skriftlege avtaler som gjev driftsmessige gode løysingar.

I Landbruksmeldinga, St.meld. nr. 19 (1999-2000) uttalte departementet om behovet vilkår for at driveplikten kunne oppfylles ved bortleie:

”Ut over avtalelovens regler finnes ikke lovregler som regulerer forholdet mellom grunneier og leietaker i rene jordleieforhold. Departementet har registrert at det skjer en økning av antallet leieforhold i alle fylker. Det går videre fram at mange av disse avtalene er kortvarige. Dette fører med seg ulemper for alle de involverte; for eier, for leietaker og for forsvarlig langsiktig forvaltning av arealressursene. Kombinert med dette bør leietakers stilling styrkes slik at det utvikles et driftsopplegg basert på langsiktighet med sikkerhet for produksjonsgrunnlaget over noe tid. Varige

leieavtaler kan også bidra til å opprettholde kulturlandskapet, og at arealressursene blir drevet godt agronomisk.

Departementet mener at jordleieavtale som et hovedprinsipp skal vare i minst 10 år. **Leietaker med langvarige leieforhold bør gjennom lovgivning gis fortrinnsrett til fornyelse av leieforhold, og den samme fortrinnsrett bør også gjelde når den innleide eiendommen selges og den nye eieren vil oppfylle driveplikten ved bortleie**(administrasjonssjefen sin utheving). Ved et stort omfang av avtaler med rett til langvarig leie, for eksempel mer enn 10 år, er det videre nødvendig å ha bestemmelser som kan forebygge og redusere konflikter mellom avtalepartene. Det må legges til rette for at partene kan heve avtalen i leieperioden, for eksempel ved sykdom, mislighold eller død. Slike regler er trolig en forutsetning for at utleier kan føle trygghet i sitt eierskap.”

Talet på daa leigejord aukar og det er trong for at dei som baserer drifta på leigejord sikrast forutsigbare rammer. **Administrasjonssjefen støttar forslaget om at jordleigeavtale som eit hovudprinsipp skal vare i 10 år. Men støtter ikkje forslaget om at ”Leietaker med langvarige leieforhold bør gjennom lovgivning gis fortrinnsrett til fornyelse av leieforhold, og den samme fortrinnsrett bør også gjelde når den innleide eiendommen selges og den nye eieren vil oppfylle driveplikten ved bortleie”.** Denne delen av forslaget vil i ein del tilfelle kunne føre til utspekulerte konstallasjonar for å unngå bortleige og spesielt langvarig bortleige til same brukar. Ved overdraging bør ny eigar stå fritt til å velje kven han vil leige bort til etter at gjeldande leigeavtale går ut. Det vil i praksis kunne bli vanskeleg å fortsette eit leigeforhold, med loven i handa, der utleigar ønskjer å avslutte leigeforhold til fordel for ein annan brukar. Ein skal ikkje undervurdere gode og dårlege relasjonar mellom bortleigar og leigetakar. Denne delen av forslaget vil føre til for stor inngripen og regulering av kven ein kan leige bort til.

Nedsett konsesjonsgrense

Departementet foreslår at loven fastsetter ein mulegheit for at kommunane kan få slektskapsunnataket oppheva i samband med vedtak eller endring av forskrift. Det betyr kommunen kan innføre forskrift om at nær slekt får buplikt ved overdraging av bustadeigedom.

”Er det ikke fastsatt i forskrift etter første ledd at konsesjonsfriheten etter § 5 første ledd nr. 1 er satt ut av kraft, gjelder konsesjonsfriheten for nærstående etter § 5 første ledd nr. 1 bare dersom eieren har hatt tinglyst hjemmel til eiendommen de siste 5 årene forut for overdragelsen.”

Administrasjonssjefen meiner denne mulegheita vil gje grunnlag for å hindre at bustader i sentrumsnære pressområde vert brukt som fritidsbustader av nær slekt. Denne mulegheita til innskjerping av buplikta vil kunne vere eit aktivt verkemiddel for å få meir busetting i ein del sentrumsnære område. For vår kommune med mangel på sentrumsnære tomter/bustader vil dette kunne vere eit virkemiddel til å omsetning av fleire sentrumsnære bustader . Det vil sannsynlegvis kunne vere enklare å få til fortetting i samband med overdraging av større bustadeigedommar. Større utbod av bustader vil relativt sett kunne gje lågare priser på bustader. Ein kan likevel ikkje underslå at dette forslaget inneberer relativt omfattande regulering av korleis ein ønskjer å nytte fast eigedom ein overtek frå nær slekt. Denne mulegheita til regulering ligg der allereie i dag for dei som overtek bustader utanom nær slekt.

Departementet foreslår også at dersom konsesjonsfridomen ved nær slekt vert gjennomført, bør dette også gjelde eigedommar som ikkje er odelseigedommar og heller ikkje har buplikt etter konsesjonslova, d.v.s. eigedommar mellom 25 daa fulldyrka og overflatedyrka eller 350 daa skog og 25 daa fulldyrka eller 100 daa totalt. **Administrasjonssjefen støtter dette forslaget.**

Alternativet vil vere at det blir ei gruppe eigedommar som kan overtakast utan buplikt korkje etter odelslova eller konsesjonslova, sjølv om ein har innført nedsett konsesjonsgrense.

Tomter det ikkje er bygt på

Med dagens lovverk er det muleg å erverve ei tomt for bustadbygging utan hus, byggje på tomta og så bruke huset som fritidsbustad. Forskrifta om nedsett konsesjonsgrense fangar opp erverv at tomt med hus under oppføring og tomt det er bygt på der huset ikkje er tatt i bruk som bustad, men ikkje tomter det ikkje er bygt på.

Administrasjonssjefen er av den oppfatning at lovverket bør utarbeidast til å gjelde tomter det ikkje er bygt på. Plan- og bygningsloven er eit dårleg verkty pr. d.d. til å regulere denne problemstillinga.

Prisvurdering

Departementet skriv:

”Som følge av at det ikke er en plikt etter forvaltningsloven å begrunne vedtak der en søknad innvilges, er ofte kommunenes begrunnelse i forhold til prisvurderingen i ja-sakene sparsommelig. Dette gjør det vanskelig for fylkesmannen i forbindelse med en mulig omgjøring å vurdere om kommunen har fulgt prisrundskrivet i den enkelte saken. Det foreslås derfor at forskrift om saksbehandling mv. i kommunene i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven endres slik at kommunene i sine vedtak som gjelder søknad om konsesjon for eiendom som skal nyttes til landbruksformål pålegges å vise hvordan prisvurderingen er foretatt i forhold til eiendommens enkelte deler og samlet.”

Administrasjonssjefen støtter dette endringsforslaget. Slik situasjonen har vore i vårt distrikt har denne problemstillinga med høge priser stort sett vore aktuell ved overtaking av tilleggsjord og ubebygde skogeigedommar. I andre deler av landet har problemstillinga vore meir reell. Skal det vere prisvurdering i tråd med gjeldande rundskriv, må dette og avspeglast i saksframstilling og vedtak, også i saker der vedtaket er positivt.

Administrasjonssjefens forslag til vedtak/innstilling

Vågå kommune syner til dei vurderingane som er gjort i saksframstillinga med følgjande endringar/tillegg:

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 09.04.2008

Forslag frå utvalet om å få utsett høyringsfristen til 7. mai. Hovudutvalet ber administrasjonssjefen om å kalle inn til eit fellesmøte mellom faglaga, adm. Og HTLN før 6.5.08.

Behandling:

Samrøystes som forslaget frå utvalet

Vedtak:

Forslag frå utvalet om å få utsett høyringsfristen til 7. mai. Hovudutvalet ber administrasjonssjefen om å kalle inn til eit fellesmøte mellom faglaga, adm. Og HTLN før 6.5.08.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 06.05.2008

Behandling:

Innspel frå Eirik Haugen motteke 29.04.08 vart referert og drøfta.

Samrøystes vedteke som innstillinga utan tillegg.

Vedtak:

Vågå kommune syner til dei vurderingane som er gjort i saksframstillinga.